



Notat

Dato: 10.06.2014
Arkivsak: 2014/16324-6
Saksbehandlar: laikle3

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordføraren

Svar på interpellasjon - Status for prøveprosjekt med mobbeombod pr. 10.06.2014

Fylkesordføraren viser til epost av 4. juni d.å. der Torill Selsvoll Nyborg ber om status når det gjeld mobbeombod:

Kristeleg Folkeparti vil med dette be om status når det gjeld mobbeombod og treårs-prosjektet her i Hordaland som Staten har tildelt oss, og som dei vil delfinansiera. Fylkesordførar har uttalt seg negativ til mobbeombod både i NRK og i BT, og difor er det viktig for oss å vita om dette prosjektet vert realisert.

Kristeleg Folkeparti ber om votering i Fylkestinget over fylgjande framlegg:
" Fylkestinget takkar ja til samarbeid med Staten om eit treårig prosjekt med mobbeombod"

Status:

- Det vart søkt om midlar til prøveprosjekt med mobbeombod 10. mai 2014
- Fristen for å søkje var 10. mai 2014
- 15. mai 2014 vart søknaden innvilga med nok 500.000,- for 2014, og med forbehold om Stortingsløyve: nok 500.000,- for 2015
- 13. mai 2014 vart prosjektsøknaden sendt som melding til Opplærings- og helseutvalet 03. juni 2014 og til fylkesutvalet 19. juni 2014

